



UTDANNINGSDIREKTORATET AVD HOVEDKONTOR Saksbehandlar, innvalstelefon
OSLO Terje Røstvær,
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO

Oversendingsbrev: Om unge med korte plasseringar i fengsel og retten til å behalde skuleplass

Statsforvaltaren i Vestland er orientert om at ungdom som skal sone i korte periodar, ofte berre nokre veker, mister plassen i den vidaregåande skulen dei er tatt inn til. Vi kjenner til at dette gjeld i enkelte, men ikkje alle, fylkeskommunane. Praksisen er altså ulik.

I tal er det ikkje mange ungdom det dreier seg om, men dette dreier seg om sårbare ungdom, og kontinuitet i dei tilboda som representerer læring og sosial inkludering kan ha avgjerande betydning for den enkelte.

Ungdom sonar oftast i institusjonar som er særskilt lagt til rette for dei yngste. Her får dei tilbod om opplæring, og føresetnadane for kontinuitet i fag og samarbeid med «heimeskulen» ligg såleis til rette.

I Fullføringsreforma er det eit gjennomgåande prinsipp at elevlar skal få hjelp før dei står utanfor vidaregåande opplæring. I lys av dette er det vanskeleg å sjå at ein praksis der desse ungdomane/elevane automatisk mistar skuleplassen sin, står opp om dette prinsippet.

Sjølv om den praksisen enkelte fylkeskommunar har ikkje nødvendigvis er i strid med regelverket, er det like fullt grunn til å stille spørsmål ved om det er tenleg, og om den trekker i andre retningar enn målsettingane om fullføring. Vi meiner og det er relevant å sjå praksisen i lys av dei pliktene fylkeskommunane kan ha for andre grupper som for kortare periodar ikkje kan følgje opplæringa i den skulen dei er tatt inn til.

Statsforvaltaren i Vestland ønskjer såleis å høyre Utdanningsdirektoratet sine vurderingar av dei problemstillingane som er konkretisert i notatet som ligg ved.



Med helsing

Marianne Svege
seksjonsleiar

Terje Røstvær
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Brev: Om unge med korte plasseringar i fengsel og retten til å behalde skuleplass